



Rettleiar for kampvertrolla

Foreldre skal på rundgang vere kampvert på heimekampane/turneringane, og lagsleiar er ansvarleg for gjennomføring. Det kan vere foreldre som vegrar seg for å ta på seg denne rolla grunna usikkerheit og då kan ein setje opp to foreldre saman.

Målet med kampvertrolla er å skape ei god og trygg ramme rundt fotballkampane.

Oppgåver:

- Møt opp 30-60 minutter før kampstart.
- Ta imot og ynskje besøkjande lag og dommar velkomne.
- Ynskje klubbdommar velkomen og gjerne ta ein prat med vedkommande før kampen, i pause og etter kamp.(guide, positivitet, gjerne ei brus eller kaffi i garderobe).
- Bidra til å gjennomføre Fair Play helsing, før og etter kamp. Snakk med begge lag, samt dommar om dette.
- Sørge for at foreldre og publikum finner sin plass på motsett side av lagsleiar, spelarside.
- Ha med foreldrevettreglar og ha positiv merksemd på begge foreldregruppene.
- Meld frå om negative hendingar til Fair Play ansvarleg.
- Takke besøkjande lag og dommar for kampen og ynskje velkomen tilbake ved seinare høve.

Utstyr:

- Eigen vest med «kampvert» og Fair Play logo
- Foreldrevettreglar



Det handlar om respekt - ikkje sant?



